

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11 -

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Tressjørd

Emne: Ymse attåtfor.

Bygdelag: Tressjørdbygga

Oppskr. av: Glans Sneidsvoll

Gard: Sneidsvoll.

(adresse): Tressjørd.

G.nr. 16 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): over 80 år

## SVAR

## 1. Røter.

Sp. 1. Nei, det er longe slutt med å grave røter  
 or åkrane no; men fyre 1880-åri brukte dei jamt  
 over same åkrane år etter år for konnarling. Det var  
 til den tid ikkje serleg veksellbruk (grastilsåing av  
 åkrane og oppløgging av mark istaden). Om dei sådde  
 havren tjukk for å halde røset vekke mest mogeleg,  
 vart det likevel mykje røter å renske burt, serleg  
 rundt "landa" (åkerkantane). Dei hakka og grov i kvar  
 plogfor etter kvart dei plögde der røterne synt seg.

2. Dei som då var nøttsame, skylde og gav kjerne av  
 røterne etter kvart då i våronni. Røyngras- og trøske-  
 grasrøter var det på jamnan mest av.

3. Det var ikkje sortering.

4. Køyde, drog eller bar.

5. La gra ikkje røter.

6. Ja, dei meinte at ferske røter gjorde kjerne godt  
 i overgangen til grønt gras - attåt di det då ofta  
 kom vel med eit matmål.

Blom.

"Kaurblom" (små blom) veks ilag med gras etover  
 markane, serleg i solfatige markasløtte. Denne blomen

vart slegen og tørka ilag med gras - var god mat til sau og geit viss det vart god saltørk medsame.

"Grovgras" (einstakablom, tort, pirikom, bjönna, kam, bjönnagras og anna grovvekse gras) veks i "skrelå" i stor mengd mange stader. Slikt gras slo dei om høsten og hesja det i bjørkaskog - røster i norleiken - og desse slags hesjar kalla dei "grögrasbjöinna". Det var og brukt trohesjar på slike plassar som stod serdige frå år til år. - Dette foret gav dei til kyrne turt eller bløytt som sørpe. - Her ikkje høyt segn om sanking av røter til dyrefor annleis en ut åkrane om våren.

## II. Tang og tare.

### A. Tang.

Tang her sikkert ikkje vore brukt her til før.

### B. Tare like eins.

IV. Hestemök er ikkje brukt her til før åt dyr.

### V. Sørpefor.

Sp. 1. Koka ikkje sørpe, men euste på heitt vatt - til vanleg. På hakkessørpe til hesten til nattmat var vanleg brukt lonka vatt med ein neve havre eller havremjöl på.

2. Sørpebyttorne bar dei inn i löa og stoppa dei fülle heilt opp i kjølpen, bar dei so til eldhuset og fylte på heitt vatt. Sørpeforet var helst slikt som ikkje høvde til å bera inn i låsane turt.

Kinne vera hakkels, herre, agne, høyfjörusk (oppsopt ved høystålet) og anna etter som den eine eller hin av kyrne skulde ha god eller mindre god foring. Mjöl av lettehavre var vel i hendesvis brukt på sørpe.

Eller må me tenkja oss til at det var mest vårberde kyr som gav mjölki når dei kom på grønt gras.

3  
Sp. 3. Alltid litt varm til kypne. Til åytkjen var det ikkje so nøye. Nylborne kyr seker heit høggras-sörpe. - Fyr sörpå vart gjervi, kolvde dei ho oppå ei tom bätte so lajinn kann godt av - og denne blanda dei i drikkevotnet til kypne -

4. Roqnebor var det gå som ha tid til å sankar om hästen. Ho er ikkje ärvess heller. Helst sämat -

5. Drank nytta dei nok den tid dei brende brannvinn likso vel som dei har brukt drav etter ölbygging.

6. Ga nylborne kyr stelte dei godt med.

7. Det vart kog av sörpone, og dentils la dei gjerne ein vondel av potetgras eller grovgras i vatksjelen när dei varma drikkevotnet.

## VI. Fiskeavfall.

Sp. 1. I seinare tid hev det vore fiske- og sildemjöl å få pålag til kvart tid. Sers anna fiskeavfall er ikkje reknaude no. I krigstidi var nytta ein del vørsild attåt.

2. For ei hundrad år sidan var det mange hev som dreiv skreifiske. Dei ha med seg fiske og hovud og ryggjes av skrei. Det kom vel med i väsknipa.

3. Tang og tare var ikkje brukt.

4. Hovud og ryggjes godt koka gav dei alltid med siöt i byttor -

Sp. 5. Terske sild og fiske vert på jannan for dyr foring  
no til kyr og gris.

6. Dei som hadde eldhús heldt til der.

7. Nei, fiskeavgall var ikkje gjevne meir en eitt  
ar dei sine matmåli. - Elles var det mykje so  
föö i tidi at når buskapen var född so pass at alle  
dyr var "röysoföre" leid utpå vårparten, so gjekk  
foringi an, - men vess sitkvart laut hjelpast på  
föterne om morgonen når dei skulle stå opp, då  
ha det vore i knipnaste laget med maten. -

Korleis dyr skal stellast no finn me ass tilrette  
med i böker om sjövrökt. Og dei notane gjeng det  
mykje etter no.

2309

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING